

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland

Emne: Skav

Bygdelag: Helleland

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland

G.nr. 30 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Samnamn: hjelpefor.
2. Ikkje noko samnamn. Ein segjer skav og beit.
3. Han skjev, han skov, han hev skave, han skal skava.
4. Skav har vore nytta som for frå utgamal tid. Namnet er: skav. Reknas ikkje som regulært forslag, men som ~~5.~~ hjelp i vanskelege år.
5. Vanleg treslag til skav er her raun og eik. Ein skjev ogso osp og selje, men då blandar ein helst dette med skav av raun eller eik. Ein skjev berre visse slag lauvtre, t.d. skjev ein aldri björk. Bartre nyttas heller ikkje til skaving. Gjavast er raun og eik. (Alm finns ikkje her noko nemnande av)
6. Ordet skav nyttas ikkje om noko sars treslag.
7. Skavrimet her lyder slik:
 

Eigjæ kveigje,  
raunen reise,  
seljå svelte,  
vier velte,  
hegg sede merg i legg.
8. Skvet er mat for kua, men ikkje for dei andre husdyra. Ein gjev skavet for seg sjölv. Skav av visse treslag t.d. orr, vil ikkje krötura eta.

- 2
9. Det er vanleg at mjölka auka og vert betre og feitare, når kyrne fær skav. Visse treslag, t.d. osp ga beisk smak på mjölka om ein ga mykje av det ublanda.
10. Ein dreg til skogs eins ærend etter skavved (skovved) Hesjeved er det ikkje tale om her. I gamal tid hesja ein ikkje høy her på staden. Då ein tok til med det var hesjetråden av jarntråd komen i handelen.
11. Ein segjer: å gå til skogs etter skavved (skovved).
12. Skavved (skovved).
13. Gjerningsordet marka er ukjend her.
14. Skavinga tek venleg til ikring nyårstider, men det hender at ein byrjar i november eller desember det er etter som det står til med formengda i löa.
- Skavinga kan vara heile vinteren ifall det er naudsynleg. Vanleg lyt ein slutta, når det fyrste vårarbeidet tek til, men er det rekteg ille ställt med det andre foret, kan ein måtte halda på til i slutten av april.
- Skavhenting på fastande hjarta um langfredagen har eg aldreg haurt tale om.
15. Fyrr i tida heldt ein seg inne i stova med skavinga. ~~Nox~~ No held ein vanleg til i fjaset. Det finns dei som held til inne i stova, men det er ytterst skjeldan.
16. Til skaving nyttar ein langorvljå, som har vore i bruk so lenge at han er omtrent halvsliten. Ein kallar han skavljå. Ein røytrer ei töifille ikring ljåen inn med "kjoet". Tynnsleljå har ein ikkje no.

17,18. Ein nyttar ei stong so tjukk sòm ein solid kornstaur, som ein set med den eine enden mot golvet og festar den andre enden i taket slik at stonga står rett opp ned. Dette kallar ein skavhælen. Er det ein større og lengere stokk som skal skavas legg ein han gjerne i ein sgekrakk eller stydjar han med eine enden mot ein vegg. Nå ein heldt seg inne i stova med skavinga batt ein til dels ein kortare stokk fast til sengestolpen og bruka denne som skavhæl. Ordet skavhæl stammar nokk frå denne gamle tida. Seinare vert det nytta om ått som ein stydjar ljåen mot under skaving.

19. Skavaren sèt på ein krakk, sòm står litt bakom og til høgre for skavhælen. Han held skavljåen i høgre handa, stöar odden av ljåen mot skavhælen og dreg med venstre handa skavkjeppen fram og attende under ljåen.

20. Skavved ( skovved).

21. Skav. Dei enkelte deler heiter skavblokker,

22. Ein skjev både tunne kjeppar og ved av store tre.

Stamma på større tre kvstistar ein og kuttar den slik at det vert umlag ei staur lengd. Denne stokken legg ein i en sagekrakk eller reiser han mot ein vegg og held ei hand i kvar ende på ljåen, når ein skjev.

Greiner og mindre skovved vert kōgd omlag 20 tomar lange og skavne på den måten som er sagt framum. Dei tunne kvistar( som alltid skal fylgja med i skovveden) bryt ein sund med henderne og kastar dei i skavdungen.

23. Dei avskavne kjeppane kallar ein sprek. Det heiter sprek både i eintal og fleirtal Dei av skavne tjukke

stokkane kallar ein skavbrannar.

24. Når det gjeld å få dyr, som er uvande med skav, til å eta dette , lyt ein sjå til at skavblokkene ikkje vert for tjukke. Har dyra fyrst fenge smak på dette foret kan ein skava både tukkare og lenger blokker, men det må likevel bera med måte. Det skal skavas slik at det fyl med litt av det ytste laget i treet.

Skil på skavarar kan det sakta vera. Sume gjer arbeidet stygt og grapse, skjer overhendig tukke blokker og let altfor tjukke kvistar fylgje med, når dei bryt kvistene. Det skal ikkje ein god skavar gjera- skavet skal vera finsleg laga , då et kyrne opp kvar smitt og smule.

Sjå 22. Nr.

25. Avskaven ved er framifrå til baking ( helst med noko torv attåt, det held lenger eld). Spreka treng då ikkje hoggas, dei kan nyttas i den lengda dei hev. Til bruk i vanlege omnar og komfyrar er sprek og godt brenne. Men då lyt ein kutta dei på mitten, so er dei passe til eldromet. Dei store skavbrandane sagnar ein buttar og kløyver til skier som annan ved.

26. Skav vert framleids nytta som for. Det er hjelperåda, når høyavlinga vert liten og ein vil undgå å redusera buskapen. No i vinter er skavinga i sving på svært mange gardar her. Det er og vanleg meining at ein del skav atåt det andre foret er særø gagnleg for helse- tilstandet åt dyra. Dei vert trivlegare, meir motstans före mot sjukdom og trivs betre um sumaren. Ifall det var folk nokk til å gjera arbeidet vilde nokk dei

5

fleste bönder driva noko skaving kvar vinter, endå om det var nögd av for av dei andre slaga. Dette bondesy- net samstavar og med dei sakkunninge. Distriktsveterinær J.Kjoss- Hansen, som var dyrlækjar her i distriktet i mange år, rådde alltid til å bruka skav attåt det andre foret for å halda dyra trivlege og friske.

Men skaving tek mykje tid. Skal ein buskap på 10 - 12 kuer ha skav til eit mål um dagen , so har ein mand fullt arbeid med dette, dersom han skal hogga sovveden i sköyra han heim, hogga han opp i passeleg lengd og so gje- ra sjölve skavingsarbeidet.

I gamle dagar, då det var nögd av folk på gardane gjekk dette godt. No er det so lite folk at det er berre som naudberging at ein tek på med skaving.